

MØTEPROTOKOLL

Ungdomsrådet

Dato: 11.09.2014 kl. 16:15

Stad: Skogshorn

Arkivsak: 12/01448

Tilstades: Linnea Johansson Thorset, Håvard Venås (hovudutval for livsløp),
Brage Sæther Halbjørhus, Anders Lirhus, Hanne Intelhus Markegård

**Møtande
varamedlemer:** Andres Rudningen,

Forfall: Hanna Juven Gjærde, Mikkell Storeskar, Tor Erik Kvinnegard,

Andre:

Protokollfører: Hilde Storeskar er sekretær for Hemsedal Ungdomsråd

SAKSKART

Saker til behandling

12/14 Godkjenning av protokoll frå møtet i ungdomsrådet 10.04.2014

Protokollen frå møtet vart godkjent.

13/14 Oppfølging av saker teke opp i ungdomsrådet før sommarferien

Fotballbane på Svøo vart nemt, 14.05 bussen frå Gol er teke hand om på Gol v.g. skule og i Hallingdal ungdomsråd, lysbryter på idrettsbanen.

Det er bra at asfaltarbeidet er ferdig på gangvegen ved Jordheimsmyrane. Og brua ved Fanitullen blir bra!

8/14 Val

Det skal veljast ny representant for 8. og 10. klasse og 2. vg. I tillegg trengs vara til kristent ungdomslag og representant + vara frå ungdomsklubben. Det skal også veljast 1 representant til Hallingdal ungdomsråd. Målet er å få dei på plass til neste møte.

9/14 Eventuelt

Fretext arrangerer «inspirasjonsdag» og rusfri konsert på Pers Hotell, laurdag 20. september. Hemsedal ungdomsråd vart spurt om dei ville sponse arrangementet, men rådet kom fram til at dei ikkje skulle det.

Det kom forslag om å restaurere hengebrua ved Tuv (Nilstad) fordi det er så koseleg å kunne bruke den.

I «krysset» ved Geiteberget og Finnstigen ligg det ein vass-slange som er lett å snuble i. Hanne tek kontakt via mail til turistkontoret/»fadder» til topp-20 turen for å høyre om det kan finnast ei løysing på dette.

Er det mogleg å få til sitteplass utanfor Spar (evt i samband med trappa) slik at ein kan sitta litt godt når ein vil eta mat som er kjøpt på daglegvarehandelen? Andreas sender mail.

Kinoen burde merkast betre for folk som besøker bygda vår. Kanskje det vert betre når ny kultursal er på plass. Det er vorte veldig triveleg uteområde ved kinoinngangen no.

Det er fortsatt ynskje om å delta på eller evt arrangere Paintball arrangement. Evt reise til Geilo.

Det er fortsatt ynskje om symjebasseng i Hemsedal.

26. september kl 17-20 arrangerer NAF gratis aktivitetsdag på Fuglehaugen med gocart og autoslalom. Det var stor interesse for å delta på dette i rådet. Hanne tek ansvar for å vidareformidle påmelding til arrangør. Anders vil henge opp plakat og informere på skula.

Hemsedal, 11.09.2014

Hilde Storeskar
For Hemsedal Ungdomsråd

